

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 27.

Tilleggsspørsmål nr. 37 og 38

Emne: Fisk i kosthaldet.

Oppskr. av: Herlof Mahle,  
(adresse): H. Sørensensgt. 1 b,  
2000, Lillestrøm

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Fylke: Møre og Romsdal.

Herad: Træna.

Bygdelag: Bud fiskever

Gard: Dusen

G.nr. Br.nr.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

A. Saltvansfisk.

1. Eg dugsar at fisk vart bruket til bytemiddel for å få tak i kjøt, smør og poteter. Derimot ikkje korn.

2. Denne bytehandelen vart gjort på den måten at fiskarane reiste til bøndene med fisk eller sild og fekk kjøt, smør og poteter. Fiskarane tok sykkelen og sykla direkte heim til bøndene, som budde eit par mil fra fiskeveret. Ein slik bytehandel foregjekk i mange år. Ja, ein heil generasjon. Sjølv bytehandelen var ikke alltid utført av fiskaren sjølv, men også av skona eller born. Det hende også at bonden sjølv kom og henta fisk og sild,

23254

og hadde med seg kjøf, smør  
og poteter. Det var ikkeje andre  
møtestader enn heimen, som  
oftast heimen til bonden.

Denne byførandelen var ei  
form for naturalhuskaldning,  
og samtidig eit ønske om  
variasjon i kosthaldet. Byfe-  
randelen tok slutt dei første  
ara etter 1945.

3. Bøndene var mest interesserte  
i torsk og lyste, og fersk sild  
som dei kunne salta sjølve.

4. Dei fiskeslag som blir mest  
brukte er torsk og lyste,  
og lyste er den mest vanlege.

5. Det er sjeldan ein kjøper  
fisk, og årsak til det kan  
vere landligge. I slike til-  
felle kjøper ein fisk som  
kjøpmannen får fra andre  
distrikter. Det er helst lyste  
ein kjøper.

6. Fersk fisk blir brukt mindre i  
kosthaldet i dag enn tidlegare.  
Dette heng sammen med at kjøt,  
kjøtkaker og kjøtbollar blir  
brukte meir, verleg til sonnags-  
mat. Ei viktig årsak til dette  
er at kjøpmennene har fruse-  
diskar og kan derfor tilby  
kjøttvarer ofte og til betre  
kvalitet enn dei gjorde før.

23254

men det at fisk blir brukt mindre og kjøtboar mer, er også godt at dei økonomiske tilhova er bedre ved kysten enn i dalane.

7. Ja, ein et mindre fisk enn før, og årsakene er dei som eg nemner under punktet 6.
8. Ja, dei fleste meinte fersk fisk var bedre. Ei årsak til det var at til ein del fersk fisk kunne ein bruke lever, stik som f.eks. til sørk og sei. Ein annan grunn var at når folk hadde ete spesialsild og sildsuppe ei tid, så smakte det godt med fersk fisk.
9. Laks har det vore fiska lite av på mine heimkantar. Årsaka er at vesttilhova ikke ligg til rette for laksefiske. Det laksefiske som blir gjort, er lite i omfang og spelar ingen rolle i kosthaldet.
10. Det er tre slag saltvassfisk folk rekvar for nærande, det er: lha, skate og steinbit. Slike fiskeslag blir selt for eksport. Eller lengt opp til guano. Eg kjemmer ikke ordet "norsk" men derimot ordet "skittfisk".

23254

## B. Jerskvassfisk:

Jerskvassfiske finns ikkje på mine heimkantar, så eg kan ikkje svare på spørsmåla under dette kapitel.

## Konservering av fisk:

### A. Saltvassfisk:

13. Ja, ein konserverte alltid fisken ijølv til bruk i hushaldet.

- a) Ein både surka og salta fisken. Eg kjemmer ikkje til bokna fisk.
- b) Nei, fisken vart aldri røykt.
- c) Ein la alltid fisken ned i salt, og dei fiskeslag som vart salta, var torsk og lange.

14. Eg kjemmer ikkje til at ein surka sild, men derimot at ein salta sild og laga spekesild.

15. Surka fisk som ein et spekesild, er som oftast sei, men kan i sume høve vere kveite.

## B. Jerskvassfisk

16. Eg kjemmer ikke til konservering av jerskvassfisk.

Korleis ein lagar fisken til.

17. Ein et mest koker fisk.

18. Ein koker fersk fisk i saltvatn. Ein tok meir salt enn no, men salta ikkje fisken etter at han var koker.

Eg kan også nemme at vi fiskarne var ute på fiskefellet, koka dei fersk fisk som oftast i sjøvatn. Dei sigr det slik at sjøvatnet ute på fellet var reinare enn inne ved land, og høvde derfor godt til å koke fersk fisk i.

19. Ein steikte alltid fersk fisk, ikkje salta. Og fisken steikte ein enten med smør, margarin eller torskolever. Fisken vart steikt på båtkomfyr, foyrt med vind.

Lusefisk.

20. Ein luta fôrrfisken sjølv fram til 1945. Etter den tid er 23254

lutfisken blitt kjøpt ferdig.

6.

21. Dette har eg ikkje greie på.

22. Fiskeuppe.

Ja, fiskeuppe av ulike slag var vanleg mat. Eg kjemner ikkje noko anna nannu på denne suppen.

Fiskeuppe var tildala av fersk fisk, med grønnsaker, mjøl, gryt og mjølkedamning. Fiskeuppe blir mindre brukta no ein fjor, og blir rekna for ein gammal rett.

23. Ferskvassfisk blir ikkje brukta på mine heimkantar.

24. Før åt ein spekesild, men aldri meir enn ein gong om dragen. Steikt ried var brødsul.

25. Eg kjemner ikkje til at det var tida sildegrøn.

Fiskemat.

26. Eg kjemner ikkje til at det var tida fiskepudding, men etter 1945 er fiskepudding blitt kjøpt ferdig.

23254

27. Delvis kjøper ein fiskekaker og fiskeboller, og delvis blir dei tillaga heime.

Sarskilte fiskerettar:

28. Ein lagar ikkeje matrettar av levera på mine heimkantar, og eg har heller ikkeje høyst at det har vore gjort tilleggsar.

29. Eg kjemmer ikkeje eit einaste av dei namna De nemner her.

30. Torskelever som steikefett vart også brukf i dei døgane midene i 1920 og 1930 åra, men også under krigen.

31. Nei, lever vart aldri lagra for lengre tid.

32. Rogn blir berre brukt som mykot til fersk fisk.

33. Eg kjemmer heller ikkeje til det De spør om under dette punktet.

34. Eg kjemmer heller ikkeje det De spør om under dette punktet.

35. Denne retten er helt ukjent for meg.

36. Eg kjemur berre til at ein brukte hovudet til guano, og at ein skar ut tunga av torskehovud og åt som middagsmat.

Tillegg:

37. Skaldyr, krabbe og hummar var ikkje vanleg mat på mine heimkantar.

38. Nei, ein åt heller ikkje blåskjel eller andre muslinger.

23254